



## Referat frå møte 10. desember 2020 i samarbeidsutvalet, SU ved Norane oppvekstsenter

Desse møtte: Monica Slinde Solberg, Monica Melissa Venes, Oline Lunden, Monica Strand, Jon Arve Pedersen, Roar Erlandsen, Helene Svedal Venes, Anne Siri Bentsen, Mari Husabø (vara for Anna Hamre) og Stine Gustavsen og Elisabeth Nornes (elevrådsrepresentantar). Forfall: Oline Lunden

**Tidspunkt: 18.30-19.15**

**Formell gjennomgang og informasjon om Samarbeidsutvalet sine oppgåver og mandat. På Norane oppvekstsenter er Samarbeidsutvalet felles for Norane skule og Ylvisåker barnehage.**

### **1/20-21 Val av leiar og nestleiar i Samarbeidsutvalet**

Leiar: Monica Slinde Solberg, nestleiar: Melissa Venes

### **2/20-21 Utviklingsplan Norane skule**

Utviklingsplanen for Norane skule vet teke til vitande. Innspel som kjem innan 17.12 vert innarbeidd i planen.

### **3/19-20 Utviklingsplan Ylvisåker barnehage**

Utviklingsplanen for Ylvisåker barnehage vert teke til vitande. Innspel som kjem innan 17.12 vert innarbeidd i planen.

### **4/19-20 Eventuelle innspel frå arbeidsutvala i skule og barnehage**

Ingen innspel.

### **5/19-20 Fagfornyninga – ny læreplan for grunnskulen**

Ny læreplan for grunnskulen frå 01.08.20. Fokus på aktive elevar, djupnelæring, større grad av temabasert undervisning for å sikre at elevane i større grad lærer samanhengar i og mellom fag/tema. Element frå overordna del og eitt av dei tverrfaglege tema skal alltid ligge til grunn for opplæringa.

### **6/19-20 Ymse**

Dokument til møte i SU og SMU skal sendast møtedeltakarane ei veke før møte.

Handlingsplan mot mobbing for Ylvisåker barnehage vert teke til vitande. Innspel til planen som kjem innan 17.12 vert innarbeidd i planen.

Ny budsjettmodell for grunnskule er under utarbeiding. Arbeidet vert drive av KS Agenda med ei arbeidsgruppe samansett av rektorar frå Norane, Kaupanger, Kvåle, Leikanger barneskule og Kommunalsjef oppvekst.

### **7/20-21 Møteplan SU**

Onsdag 10.03.21. Reserve tysdag 05.05.21. Første møte til hausten er normalt i september. Organiseringa av FAU og kven som er i arbeidsutvalet for både bhg og skule, for skule og barnehageåret 2021-2022, må vere klart våren 2021.

For Samarbeidsutvalet: Monica Slinde Solberg, leiar

Referent: Anne Siri Bentsen